

Gulen Kommune
Eivindvikvegen 1119
5966 Eivindvik

Førde, 15.05.2025

Forum for Natur og Friluftsliv er ein samarbeidsorganisasjon. Dette brevet er sendt på vegne av eit samarbeid mellom DNT Sogn og Fjordane, Forbundet Kysten v/Kystlaget Hornelen, Naturvernforbundet Sogn og Fjordane, Norges Jeger- og Fiskerforbund (NJFF) Sogn og Fjordane, Birdlife Sogn og Fjordane.

Innspel til Kommunedelplan for Naturmangfald i Gulen kommune

Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane

Oppsummert meina FNF Sogn og Fjordane (heretter FNF) meina at dette er ein plan med god informasjon. Den er i dag eit godt utgangspunkt for kommunen å ha oversikt over naturmangfaldet.

Kunnskapsgrunnlaget er likevel mangelfullt. Vi nemner; det manglar vurdering av naturlege «hotspots» og «kanteffektar», som er spesielt artsrike biotopar. Vi støttar SF og VFK sitt innspel om at dette er bør kartleggast. I tillegg meina FNF at det viktig med kunnskap om kvar i kommunen ein har større, samanhengande naturområde, og kvar ein treng tiltak for å gjere naturen mindre fragmentert. FNF meina at planen bør ha med ei kartlegging og plan for vern av raudlisteartar og artar spesielle for Gulen – både flora og fauna. For eksempel støttar vi SF og VFK i at planen må innehalde ei kartlegging av lokasjonar av Hubro, og truslar mot Hubro. Dette gjeld også for sjøfugl, regnskog og andre viktige artar og naturtypar ettersom Gulen kommune har fleire raudlista artar og andre artar og lokasjonar som er spesielt viktige for kystlandskapet. Ein må kartlegge områder, kva som finst av artar, korleis artane bruker arealet og sette tiltak for vern. Tiltak for vern av naturmangfald manglar også.

FNF vil spele inn behovet for ein **handlingsplan**. Ein kommunedelplan om naturmangfald må innehalde ein handlingsplan. Den må innehalde spesifikke tiltak om korleis naturmangfaldsplanen skal forvalta/ handheva. Gulen kommune er ein del av Nordhordland UNESCO Biosfæreområde, der det er spesifisert at «Naturen er ein attraksjon i seg sjølv», som gir naturen her ekstra behov for vern. Korleis skal kommunen forvalte naturverdiar og naturmangfald, spesielt i arealspørsmål? Dette bør samkøyrast med både samfunnsplanen og arealplanen, og det bør spesifiserast kva tiltak kommunen har for å bevare naturmangfald.



Vidare vil vi i meir detalj beskrive våre innspel til kommunedelplanen.

Når vi les innspela til SF og VFK som er skrive etter Folkemøtet, ser vi oss einige i det dei skriv. Dei har kome med ei god og grundig uttale. FNF støtter innspela gjort av Statsforvaltar og Vestland Fylkeskommune frå Folkemøtet, med kommentarar og tillegg:

1. KUNNSKAPSGRUNNLAGET

- Planen bør vurdere kvar i kommunen det finst typiske «**hotspots**» med spesielt rikt naturmangfald, og helst **kartleggje** desse.
- **Det er samstundes viktig for naturmangfaldet å fokusere på større samanhengande naturområde**, Naturmangfaldet i små isolerte område står under mykje sterkare press enn større samanhengande område. Naturen kan ta betre vare på «seg sjølv» om den får eksistere i større samanhengande områder.
- Ein grunn til dette er det ein kallar «**kanteffektar**». I tillegg til at det i overgangssonar mellom ulike naturtypar ofte finst høg artsrikdom her, på grunn av skarpe gradientar, gjer kanteffekten også at naturmangfaldet i eit område gjerne er forskjellig frå ytst til innerst. Ein skog for eksempel, kan vere mykje meir variert, heterogen, og artsrik i utkantane mot andre naturtypar enn inne i skogen, der det kan vere meir homogent naturtype.

Det er ofte fokus på kantvegetasjon langs elver, bekker, tjern og innsjøar. Desse har i tillegg til å være artsrike biotopar, ofte også andre viktige funksjoner som flaumsikring, ettersom røter kan redusere erosjon og kantvegetasjonen fangar opp avrenning.

Men det er også kanteffektar langs vegar, i grøfter og i utkanten av skog og landbruksområde med artsrike biotopar, gjerne med eit mangfald av grasvegetasjon, myr- og eng blomar, som er spesielt viktige for insekt.

- **Habitatskorridorar** er eit viktig tiltak for å oppnå mål om større samanhengande naturområde. Det kan vere striper av vegetasjon som koplar saman ulike naturområde og naturtypar er naudsynt for at artsmangfaldet skal kunne styrkast og bidrar til at artar har stadar å spreie seg. Det kan også vere å opne opp elvar, halde kanalar og bekker opne for å halde ope viktige korridorar for vasslevande organismar. Det er viktig å forvalte desse artsrike biotopane på ein god måte som gagnar naturmangfaldet.
- **Naturmangfald er viktig også i landbruket**. Her er også bevaring av kanteffektar spesielt viktig – og et bør inn tiltak for å unngå for mykje kantklipping. Ein bør også ha inn tiltak som hindrar avrenning av gjødsel i bekkar, elvar og innsjøar og fjordar, ettersom gjødsling i vassdrag fører til oksygenmangel og er ikkje bra for livet i vatn og sjø.
- **Raudlisteartar og andre viktige artar**: Viktig å få kartlagd lokasjon av-, habitat til- og truslar mot Hubro, for å bestemme tiltak for vern. Dette bør ein også gjere for sjøfugl og viktige artar på raudlista.
- Som kystkommune, vil det vere viktig å ha oversikt over viktige naturtypar, flora og fauna i **strandsona**, som viktige fjører og grunnvassområde, særleg der ferskvatn møter saltvatn. Slike område er særleg næringsrike, men blir lett offer for utfylling av massar.

Fjøra i Brekke er eit slikt rikt område der det alltid er mykje sjøfugl, men også der er det utfyllt i sjø på ein del av området.

- FNF meina det bør inn ei kartlegging av viktige overvintringsområde for sjøfugl, for å kunne gjere tiltak for å verne om desse.
- Tilbake i tid, då Erik Solheim var miljøvernminister sende han brev til alle dåverande ordførarar Norge, der alle kommunar fekk spesielt ansvar for kvar sin **raudlisteart**: Gulen fekk ansvar for Grå buktkrinlav. Det vil vere naturleg at Gulen kommune, i denne planen, inkluderer tiltak for vidare vern av denne arten. Pr dags dato er grå buktkrinlav registrert på tre stader i Gulen; på Hisarøy, vest for Tjørndalsgilet ved Brosvikvatnet og i Vatnelia mellom Sygnefest og Brosvik. Lokaliteten på Hisarøy er no verna gjennom frivillig vern. FNF meina at det må forbi slik gjennom tiltak i naturmangfaldsplanen, og at dei andre lokasjonane også må vernast.

FNF vil også støtte desse viktige innspela frå SF og VFK:

- **Sygnefest**: Her finst det ein større lokasjon med regnskog, der det også er avsett areal til hyttefelt i området. Dette viser kor viktig det er at kommuneplanen og dei forskjellige delane i kommuneplanen heng godt saman.
- Delplanen om Naturmangfald er ikkje god, utan at den er inne i dei andre delane av kommuneplanen; Samfunnsplanen og Arealdelen. Her må ein vurdere sterkt ein grundig planvask – og betre samanheng mellom delplanane.
- **Artsdatabanken**: Vi støttar forslaget om at ein kan tene godt på å oppfordre ålmenta til å registrere arts observasjonar med bilete i Artsdatabanken. Men FNF understrekar at dette ikkje må frita kommunen ansvaret med å kartlegge naturmangfaldet grundig.

2. HANDLINGSPLAN

FNF vil spele inn viktigheita og nødvendigheita av ein god handlingsplan.

I tillegg til eit godt kunnskapsgrunnlag om naturmangfald, så må ein kommunedelplan som dette også ha ein Handlingsplan for korleis kunnskapsgrunnlaget skal bli brukt i praksis til ivareta naturmangfaldet. FNF vil føreslå å dele naturmangfaldplanen i to delar; kunnskapsgrunnlag og handlingsplan.

Gulen kommune er ein del av Nordhordland UNESCO Biosfæreområde, der det er spesifisert at «Naturen er ein attraksjon i seg sjølv», som gir naturen her ekstra behov for vern.

Handlingsplanen må innehalde gode, konkrete tiltak slik at ein veit å implementere denne planen i drifta og i bruken av kommunen. Denne planen manglar delen som beskriv korleis ein skal bruke informasjon om naturmangfald i praksis. Å ha ein handlingsplan er heilt nødvendig. Og tiltaka må, som SF og VFK også skriv, samkøyrast med areal- og samfunnsdelen av kommuneplanen. FNF støttar SF og VFK i at det her må ein vurdere sterkt ein grundig planvask – og betre samanheng mellom delplanane.

Korleis skal ein bruke dette kunnskapsgrunnlaget i praksis. Korleis vil kommunen handheve viktigheita av å ta vare på naturmangfaldet og forvalte dei forskjellige typene naturareal i kommunen? Korleis skal ein vektlegge bruk av areal og vern av naturmangfald i kommunen?

Forslag til TILTAK i handlingsplanen

FNF støttar dei forslaga til tiltak SF og VFK har spelt inn til planen, med nokre tillegg:

- Riktig forvaltning av kantvegetasjon, spesielt- men ikkje avgrensa til vassvegar, vegkantar blir innarbeida i entreprenøravtalar og kommunale rutinar med spesifikke krav til tidspunkt og metode for kantklipping/-rydding, for å ivareta artsmangfald.
- Forvaltninga av strandsona i ein kystkommune som Gulen, er spesielt viktig. Ein må sette tiltak med å unngå utfylling i sjø der viktige kystlandskap og kystnatur med både flora og fauna vil bli forstyrre og forringa.
- Skape betre leveforhold for raudlisteartar og andre viktige naturtypar og artar ved å kople saman isolerte naturområde til større og meir samanhengane naturområde. Spesielt viktig for naturtypar og artar i strandsona, og naturtypar og artar som er spesielle for kommunen, for eksempel skog, type regnskog og habitat brukt av hubro og sjøfugl, til hekking, beiting og overvintring etc.
- Kartlegging av hubro er eit tiltak som bør inn i planen – og så må der være bestemt tiltak for korleis førekomsten av Hubro og andre viktige artar skal få konsekvensar for bruken av desse områda. Dette bør då inkludere ein oversikt over kva farar og truslar og sikringstiltak det finst for Hubro, sjøfugl og andre viktige- og raudlista artar og naturtypar i Gulen kommune.
- Lokaliteten til Grå buktrinslav ved Brosvikvatnet ligg like vest for Skolten naturreservat, men er ikkje inkludert i vernearealet.
FNF meina at naturreservatet bør utvidast til å inkludere lokasjonen av buktrinslav. Dersom lokaliteten med buktrinslav kunne bli innlemma i naturreservatet vil dette i tillegg til vern av viktig område for denne eine arten også auke det samla biologiske mangfald og verdi av heile naturreservatet.
- Lokaliteten til Grå buktrinslav i Vatnelia ligg tett inntil eit området som i si tid vart regulert til hytter, men det vart berre bygt ei (eller 2?) hytter. I tillegg til Grå buktrinslav er det her gjort funn av fleire svært truga og skjeldne artar, mellom anna den kritisk truga trollnål. FNF meina dette er eit spesielt viktig område for truga artar, og ein bør vurdere vern. Ein må her vurdere å kartlegge kvalitetane til dette område og korleis ein kan verne desse artane best mogleg. Ein bør vurdere storleik på naturområde, evt. Habittkorridorar i tillegg til dei kvalitetane som gjer at desse artane trivst her.

Desse raudlista artane er funne på lokaliteten Vatnelia:

- Trollnål (*Chaenotheca hygrophila*) (CR)
- stiftpuslelav (*Micarea stipitata*) (EN)
- *Schizotrema quercicola* (EN)
- Tyrivoksskinn (*Phlebia serialis*) (VU)
- *Micarea xanthonica* (VU)
- Grå buktrinslav (*Hypotrachyna laevigata*) (VU)
- Kyststry (*Usnea fragilescens*) (VU)
- Kystvortelav (*Lepra multipuncta*) (VU)
- Skodelav (*Menegazzia terebrata*) (NT)
- Gråstrupedykkar (*Podiceps grisegena*) (NA)
-
- Kommunen kan opprette **omsynssoner** for å spesielt ta vare på naturmiljø med viktige miljøkvalitetar som for eksempel førekomst av Hubro eller andre viktige naturtypar/arter.

Det som er interessene i omsynssona, for eksempel «bevaring av naturmiljø» må inn i kommuneplanen sin arealdel. Då vil tiltaket vere at kommunen fastsette retningslinjer til sona, til bruk av sektorlovverk og anna forvaltning. **Retningslinjene** kan for eksempel slå fast at natur og vegetasjon skal tas vare på.

- Planen bør innehalde tiltak som **inkluderer ålmenta** i form av oppfordring til å registrere artar i Artsdatabanken, med bilete.
- Andre tiltak kan inkludere å **invitere samarbeidspartnarar**, som forskingsmiljø og landbruk til å gjennomføre kartleggingar/studiar i kommunen og sjå på ulike driftsmetodar for jord- og skogbruk og alternativ til dagens praksis.
- Planen bør innehalde tiltak om at før **planprosessar** starar, bør aktuelle område være kartlagd, slik at ein veit kva naturmangfaldverdiar som finst der.
Planen bør innehalde krav om at kartlegging av natur blir gjort med NiN-metoden og skal vere open for allmenta via publiserte rapportar og i eksisterande kartløyisingar, for betre oversikt og samanheng til areal-delen.
- FNF vil som SF og VFK anbefale ein **planvask** i kommunen, der naturmangfald bør vere ein del av prosessen.
- **Habitatskorridorar** er eit viktig tiltak for å oppnå mål om større samanhengande naturområde. Det kan vere striper av vegetasjon som koplar saman ulike naturområde og naturtypar er naudsynt for at artsmangfaldet skal kunne styrkast og bidrar til at artar har stadar å spreie seg. Det kan også vere å opne opp elvar, halde kanalar og bekker opne for å halde ope viktige korridorar for vasslevande organismar. Det er viktig å forvalte desse artsrike biotopane på ein god måte som gagnar naturmangfaldet.
- **Naturmangfald er viktig også i landbruket.** Her er også bevaring av kanteffektar spesielt viktig – og et bør inn tiltak for å unngå for mykje kantklipping. Ein bør også ha inn tiltak som hindrar avrenning av gjødsel i bekkar, elvar og innsjøar og fjordar, ettersom gjødsling i vassdrag fører til oksygenmangel og er ikkje bra for livet i vatn og sjø.

Til slutt vi FNF ønske lykke til med utarbeidinga av ny Kommunedelplan for Naturmangfald. FNF er eit samarbeidsforum som består av mange frivillige organisasjonar innan både naturvern og friluftsliv. Vi er veldig glad for at Gulen Kommune vel å innlemme Naturmangfald i kommuneplanen og er glad for moglegheita til å få spele inn våre merknader til den. Takk!

Venleg helsing

Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane

Ket Fossen

Ket Fossen
Koordinator
FNF Sogn og Fjordane

Kjelder:

Artsdatabanken – kunnskapsbank for naturmangfald

<https://artsdatabanken.no/>

Hubro

<https://artsdatabanken.no/taxon/Bubo%20bubo/4612>

<https://snl.no/hubro>

MDIR rettleiar kommunedelplanar for naturmangfald

<https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/overvaking-arealplanlegging/arealplanlegging/kommunedelplaner-for-naturmangfold/>

MDIR Rettleiar: Naturmangfald i arealplanlegging

<https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/overvaking-arealplanlegging/arealplanlegging/miljohensyn-arealplanlegging/>

MDIR Rettleiar: Miljøomsyn i arealplanlegging

<https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/overvaking-arealplanlegging/arealplanlegging/miljohensyn-arealplanlegging/>

NVE Rettleiar: Kantvegetasjon

<https://veiledere.nve.no/skjtsel-av-kantvegetasjon-langs-vassdrag/kantvegetasjonens-viktige-funksjoner/>

Planvask

<https://www.statsforvalteren.no/siteassets/fm-troms-og-finnmark/plan-og-bygg/planvask---informasjon-og-rettleiing.pdf>

Senja kommune kommunedelplan for naturmangfald

<https://www.senja.kommune.no/administrasjon/planer-og-horinger/aktuelle-kunngjoringer-og-horinger/kunngjoring-av-vedtatt-kommunedelplan-for-naturmangfold.13528.aspx>